


Kva er viktig for meg og familien?

Hjelpe- og støtteordningar for barn, ungdom og deira familie

- for foreldre/føresette til barn og unge i skulealder
- for ungdom over 16 år



Colourbox.com

Stad: Ørsta kulturhus, Flatsalen

Tid: Tysdag 26. september 2017, kl. 8.30 - 15.30



Ørsta

Volda kommune



FFO Funksjonshemmedes
Fellesorganisasjon

SAFO

Kven er opplæringa for?

Foreldre/føresette til barn og ungdom i skulealder, og ungdom over 16 år med helseutfordringar - kronisk sjukdom/funksjonshemming som ønskjer kunnskap og forståing for kva for hjelpe- og støtteordningar som finst for familien.

Innholdet for dagen er i hovudsak for pasientar som har behandling frå spesialisthelsetjenesten/fått diagnose i nær tid.

Vi vil oppmode begge foreldre/føresette til å delta i opplæringa.

Informasjon om opplæringspengar

Det kan søkjast om opplæringspengar for deg som er yrkesaktiv og som har omsorg for eit langvarig sjukt eller funksjonshemma barn, dersom opplæringa er naudsynt for å kunne følgje opp barnet.

Opplæringspengar blir rekna på same måte som sjukepengar, og skal erstatte tap av arbeidsinntekt ved fråvær frå arbeid for å vere med på opplæringa.

Nærare informasjon vil bli gitt i starten av kurset, eller les om opplæringspengar under NAV.no.

Du kan også ta kontakt med Lærings- og mestringscenteret i Helse Møre og Romsdal, tlf. 71 12 09 95.

- **Vi tek atterhald om endringar i programmet.**
- **Maks tal deltakarar er 40 personar.**

Program

Kl. 08.30 - 09.00 **Registrering mellom 8.30-9.00**. Servering av kaffe/te.

Kl. 09.00 - 12.00 **Oppstart og velkommen!** v/Elin Fladseth
i Klinikk for kvinner, barn og ungdom i Helse Møre og Romsdal.

Brukarmedverknad eller bruker med verknad?

Brukarorganisasjonar frå FFO/SAFO deltek.

Dagen vil veksle mellom informasjon og drøfting i grupper.

- førebyggjande helsetenester for barn og ungdom
- skule, SFO, pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og tilrettelegging
- ulike tenester frå verksemd for tildeling og koordinering
- NAV ulike økonomiske ytingar,

Kl. 12.00 - 13.30 **Matpause** (kaffi/te, ta med eigen matpakke el. kjøpe mat).
Dei ulike offentlege tenestane og ulike brukarorganisasjonar deltek med informasjon på torg

Kl. 13.30 - 14.15 Fylkesmannen i Møre og Romsdal om verje for barn/vaksne

Kl. 14.30 – 15.00 Helse Møre og Romsdal, Klinikk for kvinner, barn og ungdom

Kl. 15.00 - 15.30 **Samandrag og evaluering.**

Tilvising

Ønsker du/dykk å delta på opplæringa, så ta kontakt med fastlege for tilvising til kurset. Tilvisinga sendast til same adresse som til påmeldinga. Tilvisinga må merkast med namnet på kurset: «Kva er viktig for meg og familien?».

Er familien allereie til behandling i spesialisthelsetenesta i Klinikk for kvinner, barn og ungdom, trengst ikkje tilvising.

Påmelding

Ved påmelding treng vi desse opplysningane: Namn på barnet, fødselsdato, diagnose, namn på foreldre/føresette, adresse, telefon

Hugs å merke påmeldinga med namnet på kurset.

Påmelding på telefon 70 05 85 70 el. send til: BUP poliklinikk, Helse Møre og Romsdal, Postboks 113, 6101 Volda

Påmelding innan 11. september 2017.

Opplæringa er gratis.

Dersom du ikkje kan møte på opplæringa må du avbestille snarast og seinast 24 timer før på telefon 70 05 85 70.

Dersom du ikkje avbestille blir du belasta med eit gebyr på kr 690/kr 345.-

Informasjon

For nærare informasjon ta kontakt:

Kursansvarleg Elin Fladseth 41 76 10 76.

Lærings- og mestringscenteret (LMS), 71 12 09 99 eller 70 10 63 98.